

INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT			
Sak	16-199497 RFA	Dok.	461
Mottatt	13.8.18	Vedlegg	-

Til grunneigarar Lønahorgi:

Geir Løne
Nils Gjerdaker
Ivar Løne
Marta Seim

27.05.2018

Søknad om løyve til å landing med helikopter på Lønahorgi

Vi søker om løyve til alternativ landingsplass på Lønahorgi med helikopter i perioden søndag 24.06.2018 til lørdag 30.06.2018. I utgangspunktet nyttar vi Norkring sin landingsplattform som vi har løyve på, men ved litt uforutsett vær og vind kan det vere vi treng ein alternativ landingsplass for å gjere ein trygg landing. Sjå vedlagt kart. Gult merke er Nokring sin plattform og kryss er alternativ landingsplass.

Program:


Søndag 24.06.2018 Horgi Ned. Transport av utøvarar til toppen av Lønahorgi.
Onsdag 26.06.2018 Speedflying. Transport av utøvarar til toppen av Lønahorgi.
Torsdag 27.06.2018 Frukost på Lønahorgi. Transport av syklistar og PG-pilotar til Lønahorgi.

Merk at vi søker heile perioden for å kunne ha reservedagar ved ev. avlysing pga vær og vind.

Kompensasjon: Vi kan kompensere løyve med festivalpass og inngang til teltet for 1-2 personar pr. grunneigar etter ynskje.

Vi håpar på eit postitivt svar.

Mvh
Joar Wæhle


Nestleiar Ekstremsportveko
E-post: joar@ekstremsportveko.com
Tlf: 975 17 350

For grunneigarar Løne
Marta Løne Seim

INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT			
Sak	16-199497 RFA	Dok.	452
Mottatt	6.8.18	Vedlegg	-

Til Indre Hordaland jordskifterett

Leif Grøve vil vitne i saka
20-21 aug.

Han har kjennskap til
Langestølvegen.

Flatevål 4/8 2018
M.h. Lars Arslak Flatevål

20. Partane har høve til å nytta den vegen som frå veg nr. 16 (Bavallsvegen) vert utlagd for Skiterkket over Bavallstræet til enden av Idrottslaget sin planlagde veg der.

21. På Bavallstræet har eigarane gjensidig vintervegar over kvarandre fram til dei vegar som fører til og frå træet. Det er føresetnaden at eigarane skal ha rett til å nytta den vegen som Idrottslaget har planlagt å byggja frå Bjødnareset til Bavallstræet.

22. Veg frå den offentlege vegen ved Bjødnareset, langs ytterkanten av den regulert begrense til han støyter saman med veg nr. 17, og vidare etter den nåverande vegen slik han ligg og er avlagd på kartet fram til Bavallstræet.

23. Veg frå den offentlege vegen ved Bjødnareset og oppover slik han nå er avlagd på kartet fram til Bavallstræet, og med arm til veg nr. 16 ved polygonpunkt nr. 78.

Vidare får denne vegen arm nordvestover - så langt det høver langs bøgarden - fram til Hæveltret og Skjemmeteigselva. Det er rett til vinterkøyring gjennom Hævelstræ-stetta og over Skjerpes innmark fram til den offentlege vegen.

Idrottslaget sin planlagde veg til Bavallstræet vil truleg avløyse noko av veg 23.

24. Frå veg nr. 16 kan det leggjast veg på høveleg stad over littera U og littera Y si mark fram til og over littera Z.Z. og vidare over A.A. til Q.Q. Y.Y. og V.V. sine teigar.

25. Littera N.N. kan ta seg veg frå veg nr. 16 til eigen teig.

26. Frå den nedre delen av teigen sin har littera Z.Z. rett på veg gjennom 81. linje, over littera O. sin teig. Denne vegen fører vidare over P.P. sin teig og kjem i samband med veg nr. 23.

Det kan byggjast bru over Skjemmeteigselva.

27. For feltet nord for 71.-75. linje var partane (Skjerpe og Grevle) samde om å nytta dei gamle vegar som før. Herunder er å merka at littera Z.Z. kan føra veg over O.O. og begge over T.T. til Nilsgrinda der det er gamal vinterveg over Grevles innmark som før. Og Grevle kan gjensidig ha veg over kvarandre som dei før har hatt.

27^b. Gjerskvål og Flatekvål har rett på sin gamle stølsveg gjennom feltet.

28. Vegen til Hællaberget vert halden open som før.